

FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I VALLOVA - HØYRING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Valstyret har følgjande kommentarar til departementet sine framlegg om endringar i vallova:

A – Lovendringar:

Endringsframlegg nr. 1 (valkort til alle):

Stord kommune sluttar seg ikkje til at kommunane vert pålagd å senda ut valkort. Vert denne lovendringa vedteke, bør valkorta sendast ut sentralt.

Endringsframlegg nr. 2 (nye fristar for førehandsrøysting):

Kommunen sluttar seg ikkje til framlegget når det gjeld førehandsrøysting innanriks, men sluttar seg til ny frist for førehandsrøysting utanriks.

Endringsframlegg nr. 3 (endra frist for å be om å få røysta heime):

Ingen merknader dette.

Endringsframlegg nr. 4 (ny frist for når førehandsrøyster må vera innkomne):

Kommunen sluttar seg til framlegget, men vil gjer merksam på at endringa vil føra til seinare valoppgjær og ein del praktiske problem.

Endringsframlegg nr. 5 (krav om legitimasjon):

Stord kommune støttar ei slik reform.

Endringsframlegg nr. 6 (krav om manuell teljing):

Kommunen sluttar seg til lovendringa.

Endringsframlegg nr. 7:

Ingen merknader til dette.

Endringsframlegg nr. 8 (førebels oppteljing av førehandsrøyster):

Ingen merknader til dette.

B – Andre tema:

Endringstema nr. 1 (endra skjeringsdato for manntalet):

Flytting av skjeringsdatoen til 30. juni kan gjennomførast utan vesentlege praktiske vanskar. Vel ein å ikkje senda ut valkort, kan denne datoen flyttast fram til 31. juli.

Endringstema nr. 2 (val og politiske meiningsmålingar):

Kommunen ser ikkje noko stort behov for lovregulering på dette området. Ei slik lovregulering vil også vera svært vanskeleg å gjennomføra i praksis.

Dokument i saka:

Rundskriv frå Kommunal- og regionaldepartementet dagsett 20.06.06

Bakgrunn for saka:

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt ut på høyring framlegg om ein del endringar i vallova.

Endringsframlegga er:

1. Kommunen ved valstyret skal syta for at det vert sendt ut valkort til alle manntalsførde i kommunen, og som har bustadadresse i Norge.

Kommentar:

Frå 1997 og fram til me fekk ny vallov i 2002 vart det sendt ut valkort til alle manntalsførte veljarar. I den nye vallova vart ordninga gjort frivillig. Når departementet no går inn for på ny å senda ut valkort til alle manntalsførte veljarar, så er dette grunngjeve med at det ”vil bidra til at velgerne på valgdagen avgir stemme i den kommunen de er manntalsført i”.

2. Tida for førehandsrøysting innanriks skal avsluttast siste torsdag før valdagen (mot i dag fredag), og førehandsrøysting i utlandet skal avsluttast fredag ei veke før valdagen.

Kommentatar:

Bakgrunnen for endringsframlegget er at stortingsvalet i 2005 viste at ein del førehandsrøyster kom for seint fram til valstyra, og dermed vart vraka. Fullmaktskomiteen på Stortinget sa i si innstilling m.a. at ”utgangspunktet må være at velgere som avgir forhåndsstemme på lovlig tidspunkt, skal vite at stemmegivningen kommer tidsnok fram”.

3. Frist for å søkja om å få røysta ved ambulerande røystegjeving (førehandsrøysting i heimen) må av valstyret ikkje setjast seinare enn torsdag før valdagen.

Kommentar:

I dag er siste frist fredag, endringsframlegget har samanheng med at departementet gjer framlegg om at førehandsrøystinga skal avsluttast torsdag.

4. Førehandsrøystene må for å kunna godkjennast vera innkomne til valstyret innan kl. 20 første tysdag etter valdagen (i dag kl. 20 på valdagen).

Kommentar:

Framlegget heng nært saman med endringsframlegg nr. 2, og skal på same måten medverka til at førehandsrøyster som er innleverte i rett tid også skal telja med.

5. Veljar som er ukjent for røystemottaren **skal** legitimera seg (lik regel for førehandsrøysting og på valtinget).

Kommentar:

Dette spørsmålet har vore drøfta mange gonger før, men har fått ny aktualitet etter at internasjonale valobservatørar ved valet i 2005 peika på at ein fekk røysta utan å legitimere seg.

6. Førebels oppteljing av røystesetlar (grovteljing) skal gjennomførast ved manuell oppteljing. Eit EDB-teknisk system kan likevel nyttast dersom det vert nytta eit anna system ved den endelege oppteljinga.

Kommentar:

Ein del kommunar brukte ved vala i 2003 og 2005 veging av røystesetlar som eit hjelpemiddel i oppteljinga. Departementet er svært skeptisk til dette. Veging er ikkje teljing!

7. Kontrollteljing av røystesetlane p.g.a. avvik mellom førebels og endeleg oppteljing skal gjennomførast manuelt.

Kommentar:

Framlegget heng nært saman med framlegg nr. 6.

8. Førebels oppteljing av røystesetlar frå førehandsrøystinga kan starta søndag før valdagen (i dag kan ein ikkje starta før valdagen).

Kommentar:

Framlegget heng saman med krav om manuell grovteljing av førehandsrøystene. I store kommunar kan dette føra til vanskar med å verta ferdige i rett tid dersom ein ikkje får starta før på valdagen.

I tillegg ber departementet høyringsinstansane sitt syn på følgjande spørsmål:

1. Kan skjeringsdatoen for manntalet (den dato som er avgjerande for om ein veljar som flyttar frå ein kommunen til ein annan vert manntalsført i fråflyttingskommunen eller tilflyttingskommunen) flyttast frå 31. mai til 30. juni?

Innspelet har bakgrunn i at veljarar som flyttar til ein annan kommune etter 31. mai, må røysta i fråflyttingskommunen. Ved å setja skjeringsdatoen til 30. juni vert problemet redusert.

2. Bør det innførast restriksjonar når det gjeld media sin rett til å publisera meiningsmålingar dei siste dagane før valdagen?

Kommentar:

Spørsmålet byggjer på at det i den seinare tid har vore reist spørsmål med om publisering av partimålingar i ulike media like før valet kan påverka veljarane.

Vurderingar:

Dei ulike framlegg og spørsmål/tema vert kommenterte nedafor i same rekkefølge som dei er opplista under "bakgrunn for saka" ovanfor.

Valkort:

Innføring av valkort i 1997 var grunngeve med omsynet til førehandsrøystinga, og hadde nær samanheng med at Posten overtok ansvaret for denne. I dag er situasjonen ein heilt annan, og dette argumentet har i dag ingen verdi. Utskriving av valkort til bruk i førehandsrøystinga skjer i dag i tilknytning til mottak av desse røystene. Dette fungerte heilt fint, og ressursbruken var minimal.

Derfor er då heller ikkje det nye framlegget om obligatorisk valkort grunngeve med omsynet til førehandsrøystinga, men skal gje veljarane betre informasjon om kor dei skal røysta på valdagen, opningstider i vallokala o.l.

Utsending av obligatorisk valkort vil medføra ein ekstra kostnad for kommunen på om lag kr 80.000,- pr. val og i hovudsak vil dette vera porto. Dette samsvarar rimeleg bra med departementet sitt overslag på 27 mill. kroner på landsbasis. Etter føresetnaden skal kommunane får denne kostnaden refundert gjennom rammetilskotet. Det ville vore naturleg at valkorta vart utsendt sentralt i staden for at kvar kommune skal tinga desse.

Stord kommune har ingen tru på at utsending av valkort på den måten som vart gjort i åra 1997-2002 vil ha særleg verdi som informasjonskanal i høve til røysting på valdagen. Valkort som vert mottekne i juli månad vil for dei fleste berre vera eit stykke papir som hamnar i papirkorga eller vert gløymt. Utforminga av valkorta må og vurderast, slik at desse skil seg ut frå annan post. Utsendinga bør i tilfelle ikkje skje før månadsskifte juli/august.

Endringar i tida for førehandsrøysting:

Som opplyst innleiingsvis går departementet inn for at siste frist for mottak av førehandsrøyster innanlands skal setjast til torsdag før valdagen. Grunngevinga er at det kan vera vanskeleg å få førehandsrøyster mottekne fredag fram til andre kommunar innan måndag kl. 20.

Ved valet i 2005 kom relativt mange førehandsrøyster for seint inn til valstyret (valdagen kl. 20).

Innanriks:

Rådmannen ser ikkje grunnen for å korte inn fristen til torsdagen før valdagen. Det vil vera naturleg å ha langope denne torsdagen og sidan postavgangen i Stord er på ettermiddagen vil ein ikkje nå å få sendt av garde alle førehandsrøystene. Då kan ein og ha førehandsrøysting fredag i normal opningstid slik at ein når postavgangen. Stord er og ein kommune med mange pendlarar.

Alle førehandsrøyster skal sendast med A-post og då skal posten vera framme til valdagen om posten gjer jobben sin. Dette vil i tilfelle ikkje vera noko problem dersom fristen for innkomne førehandsrøyster vert sett til kl. 20.00 tysdag etter valdagen.

Utanriks:

Rådmannen har ingen merknader til framlegget om innkorta frist (fredag ei veke før valdagen) for å førehandsrøysting i utlandet, men ser også dette som ei innsnevring av røysteretten.

Frist for å søkja om å få røysta heime (ambulerande røystemottaking)

Departementet går inn for at den frist som valstyret set med heimel i Vallova § 8-3 nr. 6 ikkje kan setjast seinare enn torsdag før valdagen. Dette er ønskjeleg sjølv om førehandsrøystinga skal sluttast torsdag eller fredag.

Kva tid må førehandsrøystene vera innkomne til valstyret:

I dag må førehandsrøyster vera innkomne til valstyret seinast kl. 20 på valdagen. Departementet gjer framlegg om at denne fristen vert lengd til tysdag kl. 20.

Dette vil ha som konsekvens at oppteljinga ikkje kan avsluttast og møteboka underskrivast før seint tysdag kveld. Endeleg valresultat vert og utsett ein dag (i praksis til onsdag morgon).

Då det berre er ein liten del av førehandsrøystene som ikkje kan teljast opp før tysdags kveld vil ein rå til denne endringa.

Krav til legitimasjon:

Stord kommune støttar fullt ut kravet om legitimasjon. Ein skulle tru at alle personar over 18 år i dag har ein eller annan form for legitimasjon som pass, bankkort, førarkort m.m. I prinsippet bør alle veljarar visa legitimasjon, både kjende og ukjende.

Manuell eller maskinell oppteljing (6 og 7):

Stord kommune har berre nytta manuell teljing fram til no. Dette pga at det datatekniske utstyret som har vore på tilgjengeleg er dyrt og det har hatt sine feil. Rådmannen vil sjå det som positivt om det framtidige edb-tekniske utstyret vert kontrollert og godkjent for bruk i valoppgjerd og har elles ingen merknader til desse endringsframlegga.

Førebels oppteljing av førehandsrøyster skal kunna startast søndag:

Kommunen er samd i dette og har ingen merknader.

Endringar i reglane om manntalsføring:

Å flytta skjeringsdatoen frå 31. mai til 30. juni kan ikkje rådmannen sjå vil ha nokon negative konsekvensar for manntalsføringa eller ev utskrivning av valkort. Skjeringsdatoen burde vore så nær opptil førehandsrøystinga som mogeleg

Publisering av partimålingar i dagane før valet:

Eg kan ikkje sjå noko behov for lovregulering på dette området. Ei slik lovregulering vil også vera vanskeleg å gjennomføra i praksis.

Saksprotokoll i Valstyret - 20.09.2006

4/06 - FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I VALLOVA - HØYRING

Vedtak:

Valstyret i Stord har følgjande kommentarar til departementet sine framlegg om endringar i vallova:

A – Lovendringar - endringsframlegg:

1. Utsending av valkort til alle:
Stord kommune sluttar seg ikkje til at kommunane vert pålagd å senda ut valkort. Vert denne lovendringa vedteke, bør valkorta sendast ut sentralt.
2. Nye fristar for førehandsrøysting innanriks og utanriks:
Kommunen sluttar seg ikkje til framlegget når det gjeld førehandsrøysting innanriks, men sluttar seg til ny frist for førehandsrøysting utanriks.
3. Endra frist for å be om ambulerande røysting (røysta heime):
Ingen merknader dette.
4. Ny frist for når førehandsrøyster må vera innkomne:
Kommunen sluttar seg til framlegget, men vil gjer merksam på at endringa vil føra til seinare valoppgjjer og nokon praktiske problem.
5. Krav om legitimasjon:
Stord kommune støttar ei slik lovendring.
6. Krav om manuell førebels teljing:
Kommunen sluttar seg til lovendringa.
7. Krav om manuell kontrollteljing ved avvik:
Ingen merknader til dette.
8. Førebels oppteljing av førehandsrøyster – søndag:
Ingen merknader til dette.

B – Andre tema:

1. Endra skjeringsdato for manntalet:
Flytting av skjeringsdatoen til 30. juni kan gjennomførast utan vesentlege praktiske vanskar. Vel ein å ikkje senda ut valkort, kan denne datoen flyttast fram til 31. juli.
2. Val og politiske meningsmålingar:
Kommunen ser ikkje behov for lovregulering på dette området. Ei slik lovregulering vil også vera vanskeleg å gjennomføra i praksis.

Handsaming

Samrøystes vedteke (10 røyster)

Rett utskrift: